

Brytingstid for vindkrafta. Del 3

Utbygginga av vindkraft har hatt sterk politisk medvind i Noreg, og det er så langt gjeve konsesjon til over 80 vindkraftprosjekt på land. Samstundes aukar motstanden frå både lokalmiljø, naturvernarar og statlege og regionale kontrollorgan.

Dag og Tid ser i ein serie artiklar nærare på den norske vindkraftsatsinga og brytingstida ho er i no. Artikkelserien har fått støtte frå Fritt Ord.

Fjerning i det blå

Det er gjeve konsesjon til vindkraftverk som kan dekkje over 1500 kvadratkilometer av Noreg. Dei fleste vert truleg ståande i fleire tiår.

VINDKRAFT

EVA AALBERG UNDHEIM
eva@dagogtid.no

Dei siste to tiåra er det gjeve konsesjon til over 80 vindkraftverk på land i Noreg, i tillegg til testanlegg. Og fleire skal det verte. «Vindkraft er i ferd med å bli en viktig del av den norske energiforsyningen. Framover vil det være den kilden til fornybar energi som er rimeligst å bygge ut», heitte frå Olje- og energidepartementet då statsråd Tina Bru (H) nyleg varsla at det kjem ei stortingsmelding om vindkraft før sommaren.

Rundt 40 av vindkraftverka som har fått konsesjon, er alt i drift. Åtte av dei har vore i drift sidan slutten av 1990-åra og fyrste halvdel av 2000-åra og nærmar seg slutten av konsesjonsperioden, som vanlegvis er 25 år. Men ingen av dei har konkrete planar om avvikling og opprydding med det fyrste.

Vindkraftverka på Hundhammerfjellet i Trøndelag, Havøygvallen i Finnmark, Mehuken i Vestland og Smøla i Møre og Romsdal har alt fått konsesjon til reetablering eller utviding, og på Utsira i Rogaland er det søkt om det same. Vindkraftverket på Sandøy i Møre og Romsdal planlegg òg å søkje om reetablering, medan eigaren av vindkraftverka på Hitra i Trøndelag og Nygårdsfjellet i Nordland enno ikkje har bestemt seg for om det skal søkjast ny konsesjon eller ikkje.

Så langt har heller ingen vindkraftverk i Noreg vorte avvikla. Dermed er det uvisst korleis ein oppryddingsprosess kjem til å gå føre seg og sjå ut. Det stadfestar Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) i ein rapport frå tidlegare i år: «det finnes i dag ingen formelle retningslinjer/veiledning for nedlegging eller reetablering av vindkraftverk. Det er til dels uklart hvordan området skal tilbakeføres etter konsesjonens utløp, hvilke garantier som skal stilles», skriv direktoratet.

Denne situasjonen uroar så vel naturvernorganisasjonar og kommunar som stortingspolitikarar.

BROTNE KONSESJONSKRAV

I energilovforskrifta står det at den som eig konsesjonen, skal «fjerne det nedlagte anlegg og så langt det er mulig føre landskapet tilbake til naturlig tilstand» når konsesjonen er ute.

OPPRYDDINGSKRAV

■ Energilovforskrifta set krav om at den som eig konsesjonen, skal fjerne nedlagde anlegg og «så langt det er mulig føre landskapet tilbake til naturlig tilstand».

■ Dei fleste vindkraftkonsesjonar set òg krav om at det innan utgangen av tolvte driftsår skal leverast «et konkret forslag til garantistillelse som sikrer kostnadsdekning for fjerning av vindturbinene og tilbakeføring av området ved utløp av driftsperioden» til NVE.

■ Så langt har ingen vindkraftverk i Noreg vorte lagde ned.

Eit av spørsmåla er kva som skjer dersom eigaren av vindkraftverket ikkje har råd til å dekkje oppryddingskostnadene eller skulle gå konkurs før konsesjonsperioden er ute.

Det har òg vorte stadfesta at enkelte vindkraftutbyggjarar har brote gjevne konsesjonskrav om å stille økonomisk garanti for fjerning av vindturbinar og tilbakeføring av området innan utgangen av det tolvte driftsåret. Då NRK skreiv om saka i november i fjor, vedgjekk NVEs seksjonssjef Arne Olsen at direktoratet ikkje hadde hatt kapasitet og ressursar til å følge opp desse konsesjonskrava.

Eit fleirtal av SV, Ap, Sp og MDG i energi- og miljøkomiteen på Stortinget har i ettertid bede regjeringa skjerpe krava overfor vindkraftutbyggjarar, for å sikre at kostnadene ved framtidig opprydding av vindkraftverk vert dekte. Det same har organisasjonane Naturvernforbundet, Sabima, Norsk Friluftsliv, Den Norske Turistforening, Norges Jeger- og Fiskerforbund og Norsk Ornitologisk Forening gjort.

– Vi ser føre oss at det kan oppstå situasjonar der vindparkeigaren ikkje har pengar til å rydde opp, og at staten må ta rekninga eller det ikkje vert rydda opp i det heile, seier

fagrådsgjevar Hanna Nyborg Støstad i Naturvernforbundet.

Sandnes kommune fryktar at grunneigarane kan verte sitjande att med ansvaret for oppryddinga. Det skriv planavdelinga i kommunen til NVE i ein klage knytt til konsesjonsvilkåra for Vardafjellet vindkraftverk, som Dag og Tid skreiv om før påske.

Halvard Læg Reid, som er spesialrådgjevar for miljø- og ressursforvaltning i kommunesektorens organisasjon KS, seier fleire kommunar no uttrykkjer manglande tillit til forvaltninga av vindkraftanlegga.

– I ein vanleg planprosess ville kommunane sjølv vore planstyresmakt, men normale krav til å greie ut om konsekvensar og til medverknad i arealsaker gjeld ikkje for vindkraftanlegg. No må kommunane i staden lese i media at vindkraftselskap ikkje følgjer opp pålegg om å planleggje for opprydding. Dei les om kompliserte selskapsstrukturar i enkelte kraftselskap og om at NVE ikkje har kapasitet til å følgje opp krava. Det seier seg sjølv at dette er med på å styrkje opplevingar av mistillit til dagens vindkraftforvaltning blant kommunane, seier han.

ER I DIALOG

Nokre av dei eldste vindkraftverka i Noreg fekk konsesjon utan at det vart stilt krav om økonomisk garanti for opprydding. Det gjeld for anlegga for Hitra I og Bessakerfjellet i Trøndelag og for Harøy vindkraftverk på Sandøy i Møre og Romsdal.

Rune Flatby, direktør for konsesjonsavdelinga i NVE, seier direktoratet med heimel i energilova vil vurdere å stille krav om garanti overfor desse òg – og at det vert stilt krav om garanti om desse konsesjonane vert forlengde.

Dei fleste vindkraftigararar har derimot krav om at dei innan utgangen av tolvte driftsår skal kome med «et konkret forslag

til garantistillelse som sikrer kostnadsdekning for fjerning av vindturbinene og tilbakeføring av området ved utløp av driftsperioden». Det er dette kravet enkelte vindkraftverk ikkje har oppfylt innan fristen.

I dag skal 12 vindkraftverk ha levert eit forslag til garanti til NVE. Flatby skriv i e-post til Dag og Tid at «dialog er etablert med de aktuelle selskapene», men at det på grunn av dei rådande omstenda ikkje var mogleg for NVE i løpet av den siste halvtanna veka før påske å sjekke kor mange av dei som faktisk har oppfylt kravet.

HAR SETT AV PENGAR

Dag og Tid har sjølv sjekka med to av vindkraftigarane som skulle ha levert garanti, og som så langt ikkje har søkt om ny konsesjon.

Statkraft skulle ha sendt forslag til garanti for Kjøllefjord vindkraftverk i Finnmark innan utgangen av 2018, men har fyrst i ettertid sendt og fått godkjent plan av NVE. Pressekontakt Geir Fuglseth i Statkraft seier det har vore dialog med NVE om kva ein slik plan skal innehalde.

– Vi har sett av pengar i rekneskapen til opprydding frå dag ein, men det er framleis mogleg at vi søkjer om å forlengje konsesjonen eller byggje nytt anlegg, seier han.

Det finske energiselskapet Fortum seier dei i 2017 sende NVE plan for opprydding av dei tre fyrste vindturbinane i Nygårdsfjellet vindkraftverk i Nordland.

– Planen inneber at dei tre turbinane skal takast ned, og at fundamenta deira skal dekkjast til av masse, slik at det kjem til å gli inn i terrenget. Etter at heile vindparken er ute av konsesjon, kjem den samla infrastrukturen med anleggsveggar og meir til å bli handtert. Dette kjem vi til å avklare innan utgangen av 2023, ettersom vi då er i 12. driftsår for trinn to av vindkraftverket, seier Stian Mathisen, som er Fortums kommunikasjonssjef i Noreg.

Fortum har derimot ikkje vorte samd med NVE om kva tiltak som skal gjennomførast i samband med trinn to av anlegget enno. Difor er det ifølgje Mathisen for tidleg å kunne seie kva oppryddinga etter dei tre fyrste turbinane kjem til å koste.

Han understrekar at Fortum fullt ut vil oppfylle forpliktingane

Eit vindkraftanlegg er ikkje berre sjølv turbinane

som er nedfelte i konsesjonane for Nygårdsfjellet, når vindparken skal avviklast.

– GRUNNLAUS URO

Også TrønderEnergi, som eig Bessakerfjellet vindkraftverk, og Sandøy Vindkraft AS, som eig Harøy vindkraftverk på Sandøy, stadfestar at dei skal rydde opp etter seg.

– Vi er opptekne av å ta samfunnsansvar, og det gjeld òg når driftsperioden er over og vindturbinane skal takast ned, seier Stig Tore Laugen, som er konserndirektør for kommunikasjon og samfunnsansvar i TrønderEnergi.

For Harøy vindkraftverk er det som nemnt planlagt å søkje ny konsesjon.

– Men må vi avvike anlegget, skal det fjernast heilt og fullt, inkludert å fjerne vegar og å dekkje til skjeringar. Vi har ein kjøpar av vindturbinane som kjøper mot vilkår om å rydde opp, og om ikkje det salet går i orden, kjem leverandøren av nye turbinar til å ta ned anlegget. Dei gamle turbinane, som no har stått i 21 år, går då til gjenvinning eller renovering, seier Johannes Huse som er administrerende direktør i Sandøy Vindkraft AS.

Andreas Thon Aasheim er



betongfundamenta dei står på, men kilometervis med internvegar og store fyllingar, som her frå Egersund vindkraftverk. Foto: Eva Aalberg Undheim

Ikkje imot førehandsgaranti

Interesseorganisasjonen Norwea er ikkje imot å skjerpe kravet om økonomisk garanti for opprydding etter vindkraftverk.

Sverige må vindkraftoperatørar stille økonomisk garanti for oppryddinga av eit vindkraftverk før vindkraftverket kan byggjast. Føremålet er å sleppe å risikere at offentlege midlar skal måtte brukast til framtidig nedmontering og tilbakeføring av landskap, skriv det svenske Naturvårdsverket på sine nettsider.

Sveitsiske kommunar kan krevje ein liknande garanti frå sine vindkraftoperatørar, ifølgje Det sveitsiske forbundskontoret for energi, i departementet for miljø, transport, energi og kommunikasjon.

Nyleg bad fleirtalet i energi- og miljøkomiteen på Stortinget også regjeringa innføre same krav overfor vindkraftutbyggjarar i Noreg. Politikarane frå SV, Ap, Sp og MDG meiner den gjeldande praksisen med å krevje garanti for opprydding innan utløpet av det tolvte driftsåret ikkje er trygg nok.

– Det kan skje store endringar i økonomien til eit selskap i løpet av 12 år. Med dagens 12-årsfrist risikerer ein konkurs eller nedlegging før ein garanti ligg føre, og det kjem dermed ikkje til å finnast midlar til opprydding og tilbakeføring, slik konsesjonen krev, skriv dei i ei innstilling til eit representantforslag om eigarskap og skattlegging av vindkraft i Noreg.

Bransje- og interesseorganisasjonen Norwea, som arbeider for å fremje norsk fornybar energi-produksjon, er ikkje avvisande til forslaget.

– Eg har ikkje høyrte noko som skulle tilseie at vi skulle motsetje oss noko slikt. Om kravet om garanti kjem før anlegget vert bygd eller i det tolvte driftsåret, utgjer ikkje så stor skilnad i praksis, så det er vi opne for å diskutere, seier Andreas Thon Aasheim, som er spesialrådgjevar i Norwea.

Han seier Norwea heller ikkje har sterke synspunkt på korleis ein slik økonomisk garanti bør utformast.

– Om det er snakk om ein bankgaranti eller ein fysisk konto med pengar på, spelar ikkje noka rolle. Det viktigaste er at NVE har ein garanti for at den summen pengar som trengst når det skal ryddast opp, er tilgjengeleg når han skal brukast, seier han.

Det har ikkje lukkast Dag og Tid å få kommentar frå OED til saka.

spesialrådgjevar i bransje- og interesseorganisasjonen Norwea, som arbeider for å fremje norsk fornybar energi-produksjon. Han meiner uroa for at vindkrafteigarane ikkje skal rydde opp etter seg, er «heilt grunnlaus».

– At dei skal rydde opp, er regulert både i energilov og i konsesjonane, seier han.

– Kva tenkjer de om at det finst vindkrafteigarar som har brote tidsfristen dei fekk for å stille økonomisk garanti for oppryddinga?

– Slik skal det sjølvsagt ikkje vere, og vi ventar at det vert rydda opp i det. Samstundes er det verdt å peike på at det ikkje har hatt noko praktisk å seie så langt. Men det ser ikkje bra ut, seier Aasheim.

Han ser heller ikkje grunn til å frykte konkursar.

– Går eit vindkraftverk til dømes konkurs i løpet av det tolvte driftsåret, kan turbinane likevel produsere straum for 4–5 millionar kroner kvar per år i 13 år til. Nedleggingskostnadene er så langt estimerte til rundt éin million kroner per turbin. Det er dermed vanskeleg å sjå føre seg at ingen vil kjøpe turbinane frå konkursbuget og

produsere vidare. Turbinane i seg sjølv har òg stor verdi som skrapmetall, og det meste av dei vert resirkulert. Litt avhengig av prisen på stål, kan dei dekkje kostnaden ved nedlegging, seier Aasheim.

NVE har eit delvis liknande svar når vi spør kven som skal ta kostnadene for å rydde opp dersom eit vindkraftverk går konkurs eller ikkje har råd til å rydde opp sjølv, og om kommunane og grunneigarane eventuelt har noka form for ansvar:

– Det er ei problemstilling som må vurderast dersom det vert aktuelt, men ved konkurs kan bustyret finne ein ny drivar, som – gjeve at han får konsesjon – kan drive vidare på vilkåra i konsesjonen, svarar Flatby i NVE.

– MYKJE ER IRREVERSIBELT

Eit anna spørsmål er kva som ligg i kravet i energilovforskriftas om «så langt det er mulig (å) føre landskapet tilbake til naturleg tilstand».

Eit vindkraftanlegg er ikkje berre turbinane og betongfundamenta dei står på, men kilometervis med internvegar og store fyllingar og i nokre tilfelle òg skjeringar i terrenget.

KS har synt til at det per i dag er gjeve konsesjon til vindkraftverk som samla kan dekkje opp mot 1760 kvadratkilometer i areal. Det vil seie meir enn det samla arealet av alle byar og tettstader og all industri i Noreg, ifølgje KS. Desse områda er omdisponerte frå landbruks- og friluftsområde til bygg- og anleggsområde «uten at konsekvensene av at arealformålet endres blir utredet», skriv KS i sitt innspel til OED om konsesjonsbehandlninga for vindkraft.

– Det som uroar oss mest, er at det knyter seg store spørsmål til om desse områda kan tilbakeførast til naturleg tilstand i det heile. Naturmangfald og landskap vert ofte dramatisk endra, og mykje er irreversibelt, seier Lægred i KS.

Støstad i Naturvernforbundet meiner òg det er urealistisk å tru at eit vindkraftområde kan tilbakeførast til naturleg tilstand når turbinane skal takast ned.

Aasheim i Norwea vedgår at det ikkje alltid vil gå å få gjort noko med skjeringar, men seier konsesjonane er tydelege på at alt anna – turbinar, plattingar, vegar og fyllingar – så langt det er mogleg, skal fjernast.

Både Fortum og Statkraft ser

føre seg at kor mykje som skal fjernast, kjem til å bli avgjort i dialog med grunneigarar, kommuner, lokalbefolkninga og NVE.

– Det kan hende at noko av infrastrukturen etter eit vindkraftverk har verdi for grunneigarar, kommune eller andre retts-havarar i området, men vi skal i utgangspunktet fjerne anlegget og tilbakeføre området så langt det er mogleg, seier Fuglseth i Statkraft.


LANGT FRAM I TID

Kva regjeringa og Olje- og energi-departementet legg i kravet om «så langt det er mulig (å) føre landskapet tilbake til naturleg tilstand», har det ikkje lukkast Dag og Tid å få svar på.

Ifølgje NVE finst det heller ikkje noko klart svar.

– Vi må leggje til grunn at tilbakeføringa vert det samfunnet finn teknisk og økonomisk akseptabelt når nedlegging vert aktuelt, seier Flatby.

Kva det vil vere, står att å sjå. Og det kan verte lenge til. Ifølgje både Flatby i NVE og Aasheim i Norwea er det god grunn til å tru at dei fleste av dei eksisterande vindkraftverka kjem til å verte reetablerte når den noverande konsesjonsperioden er ute.



Hunderfossen kraftstasjon i Gudbrandsdalslågen. Foto: Paul Kleiven / NTB scanpix

For mykje kraft

For tida har norsk vasskraft knapt verdi. Utbygginga av vindkraft har forverra stoda.

JON HUSTAD
jon@dagogtid.no

I det dette intervjuet vert gjennomført, er den flytande prisen på éin kWh 4,5 øre. I lokalavis etter lokalavis rundt omkring i kraftkommunane kan vi lesa at styre og administrerande direktørar átvarar kommunane mot å taka utbytte i år. For sjølv om 2019 gav høg profitt, vil 2020 visstnok verta eit frykteleg år for kraftbransjen. Dei typiske kraftkommunane er i tillegg til å vera kraftkommunar ofte hyttekommunar òg. Desse kommunane vert treffe dobbelt no. Arbeidsløysa stigg, og kommunekassene er botnskrapa. På toppen kjem altså manglande utbytte og låge prisar på konsesjonskrafta.

Ole Tom Djupskås er kraftanalytikar i selskapet Refinitiv.

- Kvifor er straumprisane så låge?

- Den mest openberre grunnen er den enorme snømengda i fjellet. Innanfor fagfeltet vårt snakkar vi om den hydrologiske balansen, det vil seia kor mykje vatn det er i magasina og snø i nedfallsområda. No meiner vi at det er over 30 TWh meir enn vanleg i balansen. Det er så mykje at det vert fullt i magasina til sommaren. Difor er prisen så låg no. Vi reknar med at magasina i Noreg og Sverige vil vera 95 prosent fulle når snøen har smelta. Det er ekstremt høgt.

- Speler vindkrafta ei rolle?

- Vi har dei siste åra installert veldig mykje vindkraft i Norden. Det var vore ein vinter med mykje vind. Då har vi ikkje nytta så mykje vasskraft som vanleg.

Magasina har ikkje vorte tappa så mykje som tidlegare år.

- Men vi såg då alle at prisane ramla då koronaen kom til Nord-Europa?

- Og det er den tredje grunnen. Vi har fått ein klart lægre internasjonal etterspurnad etter kraft, og det råkar sjølv sagt produksjonen her i Norden. Under finanskrisa såg vi at det var 7 prosent lægre forbruk i 2009 samanlikna med dei føregåande åra. Vi reknar med ein nedgang frå 7 til 10 prosent dei komande tolv månadene på grunn av koronakrisa.

- Kva skjer med investeringane? Det er då gjeve konsesjonar for mykje meir vindkraft?

- Grøne sertifikat hjelper litt. Men det er klart at ein del investotar der er litt nervøse. Dei som har henta inn pengar eller har byrja å byggja, byggjer nok som planlagt. Men dei som ikkje har kome i gang, vil eg tru har ei viss uro. Så låge som prisane er no, vert dei truleg ikkje verande så lenge rett nok. I november, avhengig av vør og vind, trur vi at prisane skal opp. Men på den andre sida sett vert prisane i 2021 neppe særleg høgre enn 25 øre.

- Men vindkraft får ikkje dei beste prisane? Og samstundes dreg dei ned verdien av magasin-kraft, skulle ein tru?

- Det som er problemet, er at vindkraftselskapa vil produsera ned mot null øre. Får dei eit halv øre per kWh, er dei lukkelegare enn om dei får null øre. Magasinprodusentane vil helst berre produsera når det er ein topp i prisane, typisk om morgonane eller utpå ettermiddagane. Men vind-



Foto: Privat

SAMTALEN

Ole Tom Djupskås
kraftanalytikar

AKTUELL
Uvanleg låge kraftprisar

kraft produserer når det blæs, dei kan ikkje regulera produksjonen. Då vert det færre timar med relativt høg pris. Det liker ikkje dei som produserer magasin-kraft. Vi ser òg ein effekt av sol frå Tyskland, som produserer mest midt på dagen. Også då får vi lægre prisar. Dimed endar det med at vasskraftverka må spreia produksjonen over fleire timar og får mindre betalt for vatnet.

- Så skal vi tena meir når det er god hydrologisk balanse, samstundes som vi byggjer ut meir vindkraft, må vi få fleire kablar?

- Det er nok svaret. Men det skal seiast at i år har det vore ekstremt. Før jul var den hydrologiske balansen under null. Så kom fyrste kvartal med sær mykje vind og nedbør. Men det vert litt rart å installera mykje vindkraft utan at vi får ein tilsvarende auke i overføringskapasiteten til utlandet.

- Så vindkraft reduserer verdien av dei store investeringane vi har teke i vasskraft?

- Ja, lægre prisar fører til at verdien av eksisterande vasskraft går ned.

- Det var vore ein vinter med mykje vind. Då har vi ikkje nytta så mykje vasskraft som vanleg.

DAG
OG
TID

Vil du
prøve ei
motstraums
avis?



Les DAG OG TID
gratis i tre veker.
Med automatisk stopp.

Send SMS
med kodeord
PRØV
til 59 44 48 40



Tysklands ambassadør til Noreg skuldar olje- og energiminister Tina Bru for å forskjellshandsame norske og utanlandske selskap. Foto: Terje Pedersen / NTB scanpix

TYSKLAND TRUGAR MED RETTSSAK

Olje- og energidepartementet sa nyleg nei til å gje Andmyran vindkraftverk i Nordland eitt års utsett frist for oppstart og omgjorde også NVEs vedtak om å forlenge konsesjonstida for anlegget frå 2045 til 2051. Det har fått den tyske ambassadøren til Noreg, Alfred Grannas, til å reagere.

Vindkraftverket, som har hatt konsesjon frå NVE sidan 2006, er eigd av fondsforvaltaren Prime Capital, som har base i Frankfurt, og Grannas meiner det tyske selskapet vert forskjellsbehandla.

I e-post til statssekretær Tony Tiller i Olje- og energidepartementet omtalar han vedtaket som eit problem og trugar departementet med rettssak: «Jeg tror ikke at en lang rettssak i krisetidene akkurat nå hadde vært til nytte av noen av partene her. Enda mindre hvis dette igjen starter en diskusjon om en eventuelt risiko for utenlandske investeringer i Norge i energisektoren.»

Departementet har grunngeve vedtaket med at vindkraftverket ligg i eit påvist verdifullt myrområde, og at det sidan konsesjonen vart gjeven har kome ny og oppdatert kunnskap om myr og kva det har å seie for klimaet.

FLEST ELBILAR TIL DEI MED MEST

Tiandedelen av hushalda med høgast inntekt kjøpte 37 prosent av dei nye elbilane i Noreg i fjor, medan tiandedelen av hushalda med lågast inntekt stod for under 1 prosent av nykjøpa av elbil. Det syner ein ny rapport Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd på oppdrag frå Samferdsledepartementet. Tiandedelen med høgast inntekt stod for ein større del av alle elbilkjøpa i 2019 enn i 2018, syner rapporten.

Opplysningar frå Finansdepartementet syner samstundes at elbilkjøparar vart fritekne for om lag 11 milliardar kroner i meirverdiavgift og eingongsavgift i 2019, som er seks milliardar mindre enn det barnefamiljar fekk i barne-

Ingen er b på katastro

Å lese aviser frå sommarveken å sjå i ein gammal spegel.



EIVOR ANDERSEN
OFTESTAD
eivor.a.oftestad@mf.no

Kommentar

smittsam. Det var nærast uråd å treffe effektive smitteverntiltak. Men det var altså ingen grunn til vidare uro.

MANGE TEORiar

Heime hos oss har vi fråssa i gamle aviser og arkiv dei siste vekene. Dei digitale skattane kan opnast heimanfrå, og Nasjonalbiblioteket gir ekstra tilgang i koronatida. Korleis hadde dei det eigentleg for hundre år sidan, då spanskesjuka rulla inn over Noreg? Det har eg undra på, medan mannen min har leita etter spor av oldemor si, Borghild. Fire år før spanskesjuka kom ho frå Kragerø til Kristiania for å studere handelsfag. Først hamna ho i ulukka og fødte tvillingar. Vi fann dei i arkivet på Riksen, der dei døydde bae to. Men då spanskesjuka ramma byen, sat ho gift på Fagerborg med ei eit halvt år gammal dotter på fanget.

På forsommaren 1918 kunne Borghild følgje den spanske sjuka på tokt gjennom Europa. Epidemien herja, først i Frankrike, sidan i Spania og så i Tyskland. På jernbanestasjonane vart reisande brått sjuke og måtte fraktast til næraste sjukehus. Frå Berlin vart det rapportert om at folk vart slegne – heime, på arbeid eller på gata –

Oppdateringane kom raskt, og alt i kveldsutgåva av Morgenbladet same dato, var situasjonen i Kristiania kartlagd. «Der er i gaar indruffet ikke mindre end henimot 50 tilfælde bare ved postkontoret, hvor situationen som følge herav er blit yderst kritisk.»

Frå vår ståstad i koronaepidemien ser smittspreiinga den gong ut som ein eksplosjon. Forholda gjekk rakt mot katastrofe ettersom det var midt i ferietida og store delar av personalet alt var bortreist.

Morgenbladet kartla ulike bransjar, som bank, telefon og brannvesen. Av 400 mann i Centralbanken vart 50 sjukmelde på dagen. Korleis stod det til med kapasiteten ved sjukehusa? Sjukepleiarane hadde ein hardt tiltrengd sommarferie, så det passa ikkje med ekstra belastning no. Direktøren på Ullevål oppmoda folk til å la sjukdomen gå sin gang, og ikkje legge beslag på sjukehusa – det gjekk som regel over.

Kva stod ein ovanfor? Mange teoriar kom raskt på bordet. Det var ikkje lenge sidan ein hørde om sjukdomen som hadde